

**FORBIFARTEN**

# MAGNE SKARTVEIT

**STILLING KOMMUNELEGE 1 ARBEIDSSTED TYSNES I HORDALAND*****Hva bør folk vite om deg før de leser intervjuet?***

Distriktslege/kommunelege i Tysnes frå 1976. Fastlege. Spes. allmennmed. og samfunnsmed. Blir 60 år før utgang av 2007, deltar fortsatt i legevakt i fire-delt vakt. Trivst godt som fastlønns kombilege; føler det gjev godt grunnlag for å vera «samfunnsdokter». Bygdøykurset 1983. Oppfrisking 1 år ved Med.avd Haukeland 1990, «kreftstipend» ved Kreftavd. Haukeland 2000. Atten mndr U-landsmedisin på landsbygda i Bangladesh 1985–1993 (spesiell oppleving med flotte menneske i landet; fortviling over kastevesen og sosial nød; nødhjelp etter syklonen i 1991 der 140 000 omkom på ei natt; ein «eye-opener» å sjå klinisk polio og rabies pluss mengdevis av TB).

**For pasientene kalles du  
«doktor...» med fornavn eller  
etternavn?**

«Skartveiten»

**Hva gir deg mest glede?**

I legearbeidet når ein får tilbakemelding frå pasientane om at ein har gjort noko som er til nytte/glede for dei. I privat samanheng gode opplevingar med den nære familie eller t.d. ein rotur ein stille sumarkveld på Skartveitvatnet med aurevak og fjern elvesus.

**Hva er det lureste knepet du har gjort for å få en bedre hverdag?**

Veksling mellom legearbeit /kontor og fysisk arbeid i skogen (vedhogst, rydding av skogsstiar etc.)

**Når synes du at du gjør viktig legearbeit?**

I møte med menneske, i møte med deira store og små kriser i livet; kanskje minst når legevitskapen ikkje kan gje kurativ hjelpe ved alvorleg sjukdom.

**Når gjør du uviktig arbeid?**

F. eks. hvis eg kastar tida vekk på unyttige marknadsundersøkingar om mine forskrivingsvanar.

**Forutsatt ubegrenset med tid og penger til forskning; hva ville du funnet ut mer om?**

Noko innanfor dei stor internasjonale helsetruslar: HIV/AIDS el. malaria.

**Hva er stikkordene for din favorittpasient?**

Ein som har evne til den gode dialog.

**Er det lov å bli skikkelig sint på en pasient og vise det? Hvordan gjør du det?**

Det er lov å bli irritert, men sinneutbrot er sjeldan klokt. Gje bestemt og tydeleg tilbakesvar i «temperert» stemmeleie.

**Hvilken person i norsk helsevesen kunne du tenkt deg å bli stående fast i heisen med? Og hvorfor?**

Sjukepleiar Marie Aakre ved Kreftavd. i Trondheim. Om dei eksistensielle spørsmål i møte med personar med dei tunga diagnosar.

**Du er helseminister for én dag. Budsjettkontrollspøkelset gjør at du må flytte midler fra et formål til et annet. Hvem får mer, hvem får mindre med deg som minister?**

Førebyggande tiltak innan oppvekstmiljø for barn/unge prioriterast for å hindra nyrekuttering til stoffproblem/kriminalitet etc.

Karensdagar ved korttids sjukefråvær.

**Hva bør primærhelsetjenesten prioritere de neste tre årene?**

Inkluderande samarbeid mellom helsestasjon og skule der også fleire fastleggar kjem på banen.

**Hvilket sykehus er Norges beste?**

Umulig spørsmål. Men føler ansvar for at samarbeidet med lokalsjukehuset vårt (Stord) blir best mulig.

**Spørsmål fra Paul Olav Røsbø: hvor mange favner ved kløyvet du for hånd ifjor?**

Der tok du meg, Paul Olav! Siste åtte til ti år har eg øksekløyvt 10–23 famnar pr. år (ein famn = eit mål =  $2 \times 2 \times 0,6$  meter kløyvt ved). Men sist vinter brukte eg elektrisk kløyvar!

**Forslag til neste intervjuobjekt. Kom også med et spørsmål som vi kan presentere ham/henne for.**

Rolf Martin Tande:

«Har vi som fastleggar fortsatt legitimitet som allmennmedisinske rådgjevarar overfor kommune og lokalsamfunn?»

